



NTP 2018-2027. Lufthavnstruktur: *Innspel frå interesseutvalet for Førde lufthamn.*

## “Næringslivet i Sunnfjord og Ytre Sogn treng Førde lufthamn i dag - og i framtida”

***“Førde lufthamn er livsviktig for meg og Enoro. Blir Førde lufthamn lagt ned flytter vi deler av verksemda vår frå Dale til andre stader i Norge eller utlandet,” seier Johnny Haugsbakk, Country Manager i Enoro og storbrukar av Førde lufthamn.***



Enoro er eit internasjonalt selskap med hovudadministrasjonen i Dale i Sunnfjord, 40 minutt i bil frå Førde lufthamn. Frå januar til september i år gjennomførte dei tilsette i Enoro i Dale 512 reiser frå Førde lufthamn til ein kostnad av kring 1,5 millionar kroner.

Sjefen sjøl, Johnny Haugsbakk, reiser frå Førde lufthamn kvar einaste veke året rundt:

***“Det er eit stort potensiale for vekst i regionen, men då treng vi flyplassen vår i dag og i framtida.”***

## Bakgrunnen for denne kartlegginga

På oppdrag frå samferdsledepartementet skal Avinor lage ein rapport om den framtidige flyplasstrukturen. Mandatet og prosessen for gjennomføringa av prosjektet vart presentert for ordførarane i dei aktuelle flyplasskommunane og andre involverte i Florø måndag 3. september. Interesseutvalet for Førde lufthamn har gjort som Avinor ba om, kartlagt næringslivet sine behov for ein flyplass på Bringeland i Gaular kommune i dag og i framtida.

### **Avinor lanserte tre ulike scenarier i Florø:**

1. Ingen nedlegging av flyplassar
2. Nedlegging av **ein** flyplass - Sandane lufthamn, Anda
3. Nedlegging av **to** flyplassar - Sandane og/eller Førde/Sogndal

Avinor ba om innspel og synspunkt på analysegrunnlaget innan 19. desember 2014.

## Interesseutvalet for Førde lufthamn

Interesseutvalet for Førde lufthamn består av ni kommunar. Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Høyanger og Balestrand.

Vi har i vår analyse snakka med verksemdar i alle flyplasskommunane. Spørsmåla vi ba om svar på var:

- ***Kva betyr Førde lufthamn for din bedrift i dag og i åra framover?***
- ***Kva vil ei nedlegging av Førde lufthamn bety for ditt selskap/din bedrift?***
- ***Kva slags flyplass vil du bruke dersom Førde lufthamn blir lagt ned?***

## Næringslivet er avhengig av Førde lufthamn

Selskapa vi har snakka med er representative for næringslivet i Sunnfjord og Ytre Sogn. Det vil seie små og mellomstore bedrifter med mellom 15 og 200 tilsette. Dei fleste er nøkkelbedrifter i sine kommunar og veldig viktige arbeidsplassar i eit distriktsfylke med store utfordringar.


Eit kjenneteikn for alle bedriftene er at dei har tilsette som reiser særst mykje med fly. Anten for å besøke andre avdelingar og kontor i eigen bedrift, kundar eller andre. Bedriftene motteke også mykje besøk av kundar, helst på dagsturar. Derfor er fleire daglege direkteruter mellom Førde Oslo og Bergen særdeles viktig. Ikkje minst for dei eksportretta verksemdene.

I det private næringslivet er reisetid pengar, og derfor er reisetida til flyplassen viktig. Den må vere så kort som mogeleg. Førde lufthamn ligg midt i Sunnfjord og Ytre Sogn. Nedslagsfeltet er stort, og det ser vi også på trafikken.



## Stor innpendling

Men det er ikkje berre folketalsveksten i Førde som har vore særskilt stor. Talet på arbeidsplassar i Førde er svært stort, og søylediagrammet til venstre på neste side viser at Førde er den kommunen i Sogn og Fjordane som utan samanlikning har flest arbeidsplassar. Det andre søylediagrammet viser innpendling til kommunane i Sogn og Fjordane, og at Førde har høgast innpendling.



Bak desse tala ligg også ei rivande utvikling i næringslivet i regionen vår. Og næringslivet i Førde, Jølster, Gaular og Naustdal er naturleg nok storbrukarar av Førde lufthamn.

NHO sitt NæringsNM for 2013 viste at Sunnfjord er eit sterkt vekstområde med levande bedrifter. Sunnfjord-regionen kom på femteplass i denne landskåringa, medan Førde kom på femte plass, (sjå vedlegg under).

## Komplett liste over regionene

Tabellen under viser en fullstendig oversikt over alle regionene, rangert etter samlet plassering i årets NæringsNM. Alle indikatorene er gitt som rangeringsnummer, der beste region har nummer 1 og dårligste region nummer 83.

NM 2013	Region	Kommuner	Nyetablering	Lønnsomhet	Vekst	Størrelse	NM siste 10 år
1	Stavangerregionen	Stavanger, Sandnes, Randaberg, Rennesøy, Kvitsøy, Sola, Gjesdal, Time, Klepp, Hå	4	4	4	3	1
2	Trondheimsregionen	Trondheim, Klæbu, Selbu, Malvik, Melhus, Skaun, Midtre Gauldal	2	9	24	9	2
3	Ålesundregionen	Skodje, Ålesund, Haram, Sandøy, Sula, Giske	15	12	11	8	13
4	Sunnfjord	Gaular, Førde, Flora, Naustdal, Jølster	47	1	5	15	8
5	Bergen	Bergen	5	21	41	4	3
6	Midtre Namdal	Namdalseid, Overhalla, Fosnes, Namsos, Flatanger	17	6	18	35	14
7	Dalane	Eigersund, Lund, Bjerkreim, Sokndal	22	2	23	33	4
8	Drammensregionen	Røyken, Lier, Nedre Eiker, Øvre Eiker, Hurum, Svelvik, Sande, Drammen	8	8	20	50	11
9	Oslo	Oslo	2	42	49	1	20

■ Lønnsomhet ■ Vekst ■ Nyetablering ■ Størrelse

1	Sola (1)	18	20	35	1
2	Berg (140)	26	9	61	
3	Sandnes (2)	45	47	1430	
4	Fjell (9)	76	80	435	
5	Førde (14)	14	71	108	13
6	Stavanger (3)	52	134	307	

## Flyplassen var avgjerande

I utviklinga av næringslivet spelar flyplassen ein veldig viktig rolle. I tillegg til det private næringslivet er statlege organ som Lotteri- og stiftelsestilsynet plasserte i Førde kommune.

Atle Hamar har vore direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan oppstarten. Han er storbrukar av Førde lufthamn, slik fleire av hans medarbeidarar er. Hamar seier det slik:

**“Bringeland er viktig for oss fordi den dempar ulempene ved å vere eit statleg tilsyn plassert langt frå Oslo. Våre tilsette brukar flyplassen i jobben kvar veke og nyt godt av rask og effektiv kommunikasjon. Kortast mogleg reisetid dempar ulempene ved å reise og gir meir motiverte tilsette.”**

***“Vi reiser primært tur/retur Førde-Oslo, og vi har besøk frå resten av landet, men primært Oslo, kvar veke. Desse brukargruppene forventar rask og effektiv kommunikasjon.”***

Tilsynet arrangerer årleg nasjonale konferansar i Førde med fleire hundre deltakarar. Dei krev rask og effektiv kommunikasjon. Atle Hamar seier flyplassen på Bringeland var eit viktig grunnlag for etableringa av Lotteritilsynet, seinare Stiftelsestilsynet.

***“Vi ser på Førde lufthamn som avgjerande for at vi lukkast med oppgåvene våre i fylket i framtida”, seier Atle Hamar.***

## Infrastrukturen er viktig

Sogn og Fjordane er eit lite fylke med negativ folketalsutvikling. Vi blir færre og eldre. Førde og omeign er eit unnatak, og næringslivet i regionen står sterkt.

Trass dystre utsikter i fleire kommunar blir det no jobba aktivt med å snu trenden, skape nye arbeidsplassar og ny vekst.

I dette arbeidet er infrastrukturen særdeles viktig for næringslivet. Det vil seie nye og betre vegar, og ikkje minst nærleik til ein flyplass som på kort tid kan frakte deg til dei store byane og vidare ut i verda.

Dei fleste kundane held til andre stader enn i Sogn og Fjordane. Våre bedrifter har base i heimfylket, men marknaden ute i verda.

Derfor blir det mange flyreiser, og derfor betyr kort avstand til flyplassen mykje. Både for dei tilsette, kundar og eigarar.

Administrasjonen til Helse Førde ligg også i Førde i nærleiken av Førde sentralsjukehus. Dette er ein av dei største arbeidsplassane i Sogn og Fjordane, og fleire av dei tilsette er storbrukarar av Førde lufthamn.

## Tilfredsstillande flytilbod i dag

I dag har vi eit tilfredsstillande flytilbod i Sunnfjord. Prisane er høge, men rutetilbodet gir oss høve til å reise på dagsturar til Oslo/Bergen, eller dagsturar frå Oslo/Bergen til ein kommune i Sunnfjord/Sogn. Trafikken går begge vegar, noko ikkje minst reiselivsnæringa er opptekne av.

***“Utan ein flyplass 20 minutt unna, og berre ein time frå Oslo, kunne ikkje vi arrangert så mange store konferansar med føredragshaldarar og deltakarar frå austlandet”, seier direktør Odd Erik Gullaksen i Scandic Sunnfjord hotel & Spa.***

Scandic Sunnfjord hotel & Spa reklamerer med nærleiken til Førde lufthamn når dei kjempar om store nasjonale konferansar.

***“Vi vil heller ha fleire mindre fly med hyppige avgangar til Oslo, enn større fly og færre avgangar. Hugs at vi som bur her ute har ikkje tog. Buss er ikkje eit alternativ og då er flytilbodet utruleg viktig for oss”,*** seier Odd Erik Gullaksen.

## **Fjaler kommune i vekst - avhengige av Førde lufthamn**

Fjaler er ein av nabokommunane til Førde lufthamn. Dale er kommunesenteret og ligg berre 40 minutt frå flyplassen på Bringeland. Kommunen er liten, men næringslivet er i positiv utvikling.

**Totalt er det over 600 tilsette i ulike selskap i Fjaler som dagleg bruker Førde lufthamn. For desse selskapa er flyplassen og den korte avstanden særdeles viktig.**

Her er nokre av selskapa i Fjaler kommune som bruker Førde lufthamn mest:

### **Brødrene Dahl Vasskraft**

25 tilsette i Dale og Oslo, 200-300 millionar kroner i omsetnad.

Motteke mellom 150 og 200 besøkande kvart år i Dale. Trafikken går hovudsakleg via Førde lufthamn. Har til no i år kjøpt flyreiser for 1 million kroner.

Ei nedlegging av Førde lufthamn vil ha store negative konsekvensar for drifta av selskapet.

### **RK Haugland Rehabiliteringssenter**

80 tilsette, 55 millionar kroner i omsetnad.

Flyr kvar veke frå Førde lufthamn. Om lag 150 passasjerar kjem årleg til Dale via Førde lufthamn, hovudsakleg er dette pasientar frå Rogaland.

Nedlegging av Førde lufthamn vil ha store negative konsekvensar for drifta av institusjonen.

### **UWC Nordic**

50 tilsette frå 25 nasjonar og 200 elevar frå om lag 95 nasjonar. Stor møteaktivitet og utviklingsretta aktivitet nasjonalt og internasjonalt.

Avhengig av Førde lufthamn for å ha effektiv drift.

### **Skår VVS**

41 tilsette og 55 millionar kroner i omsetnad.

Selskap i kraftig vekst.

Bransjenettverk utanfor fylket og avhengig av daglege flyavgangar. Tid er pengar.

## Lutelandet næringspark og offshore

Lutelandet har nyleg inngått ein kontrakt med Veolia, eit stort internasjonalt selskap som skal etablere seg på Lutelandet. Forretningsmodellen er opphogging av utrangerte borreplattformar. Det betyr stor aktivitet på kort og lang sikt og eit auka behov for Førde lufthamn. Allereie i dag er dei involverte selskapa på Lutelandet daglege brukarar av flyplassen.

## Enoro AS

Hovudkontor i Dale, salskontor og kundar over heile Europa.

Selskapet har laga ein oversikt over sine reiser frå Førde lufthamn.

I dette reknestykket er det ikkje teke med reiser frå tilsette i andre avdelingar og kundar som kjem til Dale. Dei reisene vil kunne utgjere kring 25 prosent ekstra.



Enoro: Reiser til/frå Førde Lufthamn/Bringeland i år og i fjor:

	2014	2013
Januar	65	69
Februar	66	67
Mars	39	65



April	77	75
Mai	90	60
Juni	63	39
Juli		10
August	29	28
September	83	73
Oktober		86
November		81
Desember		46

***“Oversikta over våre reiser viser tydeleg dei behova vi har for ein flyplass nær Dale. Eg blir heilt matt av å tenkje på at dei no vurderer å leggje ned flyplassen. For oss handlar det om å skape meir vekst i Dale. Men det vil vi ikkje klare utan flyplassen. Då må vi flytte ut delar av verksemda til andre stader i Norge eller utlandet. Så enkelt er det”,*** seier country manager Johnny Haugsbakk i Enoro.

## Dagsturar frå Oslo til Hydro i Høyanger

Hydro aluminum i Høyanger er Norges eldste aluminiumsverk. Verksemda har 160 tilsette og er det minste i storkonsernet Hydro, men ein hjørnesteinsbedrift i Høyanger. Og ein storbrukar av Førde lufthamn, Bringeland.



Hydro i Høyanger har 610 reiser til/frå Førde lufthavn, Bringeland kvart år. Hovudsakleg eiser til hovudkontoret i Oslo.

Ein viktig del av reiseaktiviteten er ressurspersonar som kjem frå Oslo til Høyanger for å jobbe, delta på møter og tilføre nødvendig kunnskap. Desse personane kjem med første fly frå Oslo om morgonen og reiser heim same dag med siste fly. Nærleiken til flyplassen er med andre ord sentralt.

***“Det er viktig å ha ein flyplass med direkteruter nært når vi skal bu og drive store selskap i distrikts-Norge,”*** seier fabrikkssjef Wenche Eldegard.

***“Kompetanse er ein suksessfaktor for oss. Flyplassen på Bringeland er med på å gjere Hydro Høyanger attraktiv for dei ressurspersonane vi treng. Det er lett å kome til og frå Oslo”.***

## Fleire enn Hydro treng flyplassen

Høyanger har fleire selskap med utanlandske eigarar som er opptekne av avstanden til flyplassen.

### **Nyrstar Høyanger AS:**

Selskapet vart kjøpt opp i fjor, har 30 tilsette i Høyanger og hovudkontoret i Sveits.

Selskapet er avhengig av ein flyplass som ligg nært fordi det blir mykje reising til hovudkontoret.

### **Saint Jean Industries Høyanger:**

Nytt selskap i etableringsfasen, basert på den gamle bilfelgproduksjonen i Høyanger. Eigarane er frå Frankrike, og det blir mykje reising, mest frå Førde lufthamn.

## **Blir Førde lagt ned er Flesland alternativet - ikkje Florø**

Avinor la fram tal som viser at dei som bruker Førde lufthamn i snitt vil få 46 minutt lengre reisetid til næraste flyplass dersom Førde lufthamn blir lagt ned. Då var premissen at alle kom til å reise til Florø når Førde var lagt ned.

I forlenginga av dette sa Avinor at det kan bety at det blir rom for fleire 50-setarar i Florø til og frå Oslo fordi passasjergrunnlaget blir større.

Vår analyse viser at dette ikkje er korrekt. Ei nedlegging av Førde lufthamn vil ikkje automatisk bety at dei som i dag bruker flyplassen vil reise til Florø.

Næringslivet i Høyanger, Fjaler, Hyllestad, Gaular og Askvoll seier tvert om at Flesland er det einaste alternativet dersom Førde lufthamn blir lagt ned.

Grunngjevinga er reiseavstanden og ikkje minst eit betre rutetilbod og lågare pris i Bergen enn i Florø.

Avinor har heller ikkje lagt vekt på dei store utfordringane vi har på vegnettet i vår region, særleg om vinteren, og når det kjem mykje nedbør. I dag er det slik at fylkesveg 609 mellom Førde og Askvoll blir hyppig stengt pga fare for steinras. Det betyr at folk i Askvoll må reise via Dale, og det nye Dalsfjordsambandet.

***“Det vil vere alvorleg for Askvoll om Førde lufthamn blir lagt ned. Florø er langt unna, og fylkesveg 609 mellom Askvoll og Førde er ofte rasutsett og stengt. Derfor ligg Førde lufthamn perfekt til for næringslivet i vår kommune, berre 50 minutt med bil via Dalsfjordsambandet.”***

Dette seier ordførar Frida Melvær (H) i Askvoll kommune.

## **Næringslivet om alternativet til Førde lufthamn**

Her er svara frå dei ulike verksemdene vi har spurd kva som er alternativet dersom Førde lufthamn blir lagt ned. Dette er nøkkelbedrifter i sine kommunar:

### **Askvoll kommune:**

#### **Helle knivfabrikker i Holmedal.**

**Torodd Helle** er eigar, sjef og storbrukar av fly. Verksemda har 20 tilsette i Holmedal, men sel knivar til heile verda. Torodd Helle flyg årleg fleire gangar til USA, Russland, Sør-Amerika og andre land i Europa.

***“Vi lever i Norge, men konkurrerer ute. Marginane er små og vi er heilt avhengige av fly og eit godt rutetilbod. Florø er ikkje eit alternativ for meg. Forsvinn Førde blir det utelukkande Flesland på grunn av pris og fleire alternative ruter ut i verda.”***

#### Hyllestad kommune:

**Havyard Hyllestad** har 250 tilsette, og vel 250 tilsette i ulike underleverandørselskap. Med andre ord ein stor og viktig arbeidsplass i ein liten kommune.

**Verftsdirektør Trygve Solaas** er hyppig brukar av Førde lufthamn:

***“Førde er primærflyplassen vår. Elles reiser vi til Bergen og Flesland. Florø er ikkje, og vil ikkje vere eit alternativ for Havyard. Blir Førde lagt ned, blir Bergen primærflyplassen for oss med dei negative konsekvensane det har”***, seier Solaas.

Han er overraska over at det no blir vurdert å leggje ned ein flyplass som har stor trafikk og betyr så mykje for næringslivet i sitt område.

#### Gaular kommune:

##### **Maritim Montering**

Anders Lien er CEO i selskapet. Dei har 400 tilsette totalt, 20 av dei i administrasjonen i Gaular. Marknaden er ute i verda og tilsette reiser kvar veke via Førde lufthamn. I tillegg kjem kundar inn til administrasjonen.

***“Vi er avhengige av flyplassen, og har meir fokus på tilpassa avgangstider og pris. Førde lufthamn er viktig for selskapet, og vi vil reise meir til Bergen dersom Førde lufthamn blir lagt ned. Bergen er eit betre alternativ enn Florø”***, seier Lien.

#### Helikopterselskapet Airlift:

65 tilsette på Bringeland i Gaular kommune. Kurt Opseth er direktør, og ein av dei som kvar veke pendlar inn til arbeidsplassen sin via Førde lufthamn.

***“Vi hentar pilotane våre frå heile landet, og Førde lufthamn er eit avgjerande fundament for Airlift. Vi har kundebesøk, leverandørbesøk, tilsette inn/ut og veldig mykje trafikk via Førde lufthamn”***, seier Opseth.

Han er av dei som er villeg til å betale meir for å reise frå Førde lufthamn, sjølv om prisen allereie er høg. Men så viktig er flyplassen for selskapet hans.

## **Selskap i Høyanger om “Kva flyplass dei vil bruke dersom Førde lufthamn blir lagt ned”:**

**Verftsdirektør Wenche Eldegard i Hydro Høyanger;** “Florø er for langt unna for oss. Det blir to timar i bil, og då er det like greit å reise til Flesland.”

### **Dagleg leiar Svein Ove Råsberg i Nyrstar Høyanger AS:**

“Forsvinn Førde, blir Bergen primærflyplassen.”

### **Fabrikk sjef Ståle Torbjørnsen i Saint Jean Industries Høyanger**

“Det vil bli meir Bergen dersom Førde forsvinn. Hovudsakleg på grunn av pris og at det ikkje er så mykje lenger til Bergen enn Florø.”

## **Feil i faktagrunnlaget**

Under presentasjonen til Avinor i Florø vart resultatane av ulike undersøkingar presenterte. Vi oppfatta det slik at dette er eit viktig grunnlagsmateriale for Avinor.

Interesseutvalet for Førde lufthamn vil påpeike openberre svakheiter i dette faktagrunnlaget.

For det første slo Avinor fast at folk i Årdal vil bruke Førde lufthamn dersom Sogndal lufthamn blir lagt ned. Det stiller vi oss tvilande til med dagens vegnett. For årdøler er avstanden til Gardermoen kort, og og utan Sogndal lufthamn er nok Gardermoen eit meir aktuelt alternativ enn Førde lufthamn.

Så vil vi påpeike at fleire folk i Jølster i dag bruker Førde lufthamn som primærflyplass. Ganske enkelt fordi det er kortare frå Vassenden i Jølster til Bringeland, enn til andre nærliggande flyplassar. Dessutan har Førde lufthamn fleire daglege direkteruter til Oslo og Bergen enn til dømes Sandane lufthamn.

Avinor slo også fast at passasjerane som i dag bruker Sandane lufthamn vil bruke Sogndal dersom Sandane blir lagt ned. Trafikkmønsteret, avstandar og rutetilbodet til Oslo tilseier at desse passasjerane vil bruke Førde lufthamn, ikkje Sogndal, dersom det blir ei endring i flyplassstrukturen.

Med bakgrunn i dette må det vere lov å stille spørsmålsteikn ved grunnlaget for nokre av dei undersøkingane Avinor har gjort og legg vekt på i sitt arbeid. Kjennskap til Sogn og Fjordane er særdeles viktig i eit strukturarbeid som får store konsekvensar for vanlege folk, og særleg næringslivet. Flyplassane er i dag navet i næringslivet. Det er flyplassane som gjere oss i stand til å drive business lokalt med marknaden og kundane i meir sentrale strom. Avstanden til marknaden er ikkje så lang når vi har kort avstand til flyplassane, og kort avstand ut i verda.

Med bakgrunn i dei svara vi har fått frå næringslivet i vår region er vi klare på at Førde lufthamn er særdeles viktig for utviklinga av Sunnfjord og Ytre Sogn i dag og i framtida. Ei nedlegging av flyplassen vil sette oss fleire år tilbake i tid, og svekke næringslivet sin posisjon. Vi er opptekne av å legge til rette for trygge arbeidsplassar og vekst i eit område som allereie har store utfordringar i tida framover.

Mathias Råheim  
-sign-

ordfører/Gaular kommune

Olve Grotle  
-sign-

ordfører/Førde kommune

Håkon Myrvang  
-sign-

ordfører/Naustdal kommune

Oddmund Klakegg  
-sign-

ordfører/Jølster kommune

Arve Helle  
-sign-

ordfører/Fjaler kommune

Harald N. Offerdal  
-sign-

ordfører/Balestrand kommune

Petter Sortland  
-sign-

ordfører/Høyanger kommune

Jan Olav Gjerde  
-sign-

ordfører/Hyllestad kommune

Frida Melvær  
-sign-

ordfører/Askvoll kommune